

Rapport frå Parkeringsgruppa Fjærland 2025

Til: Sogndal kommune

Sak: Tilråding for parkering og trafikkflyt i Fjærland

1. Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i sak 53/2025 å setje ned ei arbeidsgruppe for å gå gjennom parkeringssituasjonen i Fjærland, og kome med forslag til løysingar.

Bakgrunnen har vore spørsmål knytt til bubilar, tungtransport, kapasitet i sesong og generell trafikktryggleik i sentrum av Mundal og i Bøyadalen.

Gruppa fekk mandat om å:

- kartleggje situasjonen
- få innspel frå brukarar, næringsliv, org og grunneigarar
- vurdere behov og konfliktpunkt
- foreslå tiltak og prinsipp for vidare arbeid
- lage framlegg til kommunen, i tråd med lover og reglar

Mandatet omfatta også vurdering av:

- skilting
- handheving
- arealbruk
- ansvar (privat/kommunalt)
- finansiering
- trafikktryggleik

2. Arbeidsform og gjennomføring

Arbeidet har vore gjort slik:

Møte 1 – oppstart:

Gjennomgang av mandat, oversikt over område og utfordringar, og innspel om alt som rører seg rundt parkering i Fjærland.

Møte 2 – innspelsrunde i gruppa:

Kva er dei største problema? Kva alternativ finst? Kva krev kommunen, vegvesen, grunneigarar? Kva er dei "hellige" områda som ikkje skal rørast?

Dialog – førebuing av folkemøte:

Innspel vart samla, sortert og gjort om til ei førebels problemoversikt.

Folkemøte i Bygdahuset 13. oktober:

godt oppmøte, mykje gode diskusjonar.

Innspel frå både fastbuande, feriefolk, næringsaktørar.

Etterarbeid:

Gjennomgang av gruppearbeid, systematisering av alle innspel og samanlikning med tidlegare møter.

Sluttmøte i arbeidsgruppa:

Val av felles framlegg til kommunen.

Avklare kva som er kortsiktig straksløysing og kva som må inn i vidare planarbeid.

Dette dokumentet er sendt rundt gruppa for merknader, før det vert presentert i kommunestyret 18. desember.

3. Kort samandrag av situasjonen

Arbeidsgruppa meiner situasjonen kan oppsummerast slik:

- Sjølv plassmengda er **ikkje problemet året rundt**
- Problemet kjem i **sesong og høgtrykk**
- Bubilar og turtrafikk legg trykk på:
 - sentrum
 - butikkparkering
 - ferjekaien
 - museumsområdet
- Tungtransport har lagt seg ved Bremuseet og private areal
- Innfartsvegen har møteproblem i høgsesong
- Manglande skilting og utydeleg ansvarsdeling gjer at folk parkerer vilkårleg
- Nokre meiner problema er overdrivne, andre opplever dei som reelle

Vi ser også ulike parkeringsbehov:

- korttidsparkering ved butikk og handel
 - bubilar som står 1–3 døgn
 - tungtransport med kviletid
 - arrangement, museum og kafear
 - faste bustader og feriehusa i sentrum som ikkje har eigne plassar
-

4. Viktigaste innspela frå folkemøtet og arbeid i gruppa

Klårt fleirtal meiner:

- vi må skilje **korttid og langtid**
- bubilar må ut frå sentrumskjernen
- parkeringsareal må merkast og skiljast
- kommunen må ta ansvar for juss, skilting og sakshandsaming
- privat eigar kan handheve eigen grunn
- rotasjon i sentrum (maks parkeringstid)
- tungtrafikk skal ikkje stå hjå Bremuseet eller i sentrum
- det må vere samskipnad mellom private og kommunen

Nye moment som vart særleg trykte fram:

- trafikktryggleik og møteplassar
- miljøgate og lågare fart
- lys og oversikt
- at vi ikkje "riggar bort" bubilar, men styrer dei
- mogleg inntekt frå bubilparkering

5. Strakstiltak til sesong 2026

Dette er tiltak som kan gjerast utan store investeringar og som har god effekt:

5.1 Korttidsparkering ved Joker (privat skilting)

- Parkeringsområdet framfor Joker vert regulert som **korttidsparkering**
- Maks 2 timar
- Privat skilting og handheving
- Skal sikre vareflyt, kundetilgang og ryddigare sentrum

Begrunnelse:

Dette er det viktigaste området for handel og service.

Plassar må gå til kundar, ikkje bubilar eller langtidsparkering.

5.2 Ferjekaia vidareført som bilparkering – men ikkje camping

- Kaiområdet skal halde fram som parkeringsplass for personbil
- Minimum 40 plassar
- Camping og overnatting for bubilar forbys

- Skilting gjer det klart

Begrunnelse:

Kaia fungerer i dag som "trykkventil".

Dette ønskjer vi å halde på, men ikkje som leirplass.

5.3 Tungtransport: peike mot Skei eller Håbakken

- Skilting langs RV5 frå Fjærland som viser til **Skei** eller **Håbakken** for trailer- og kviletid
- Dialog med Statens vegvesen før gjennomføring

Begrunnelse:

Dette har vore eit problem ved museet og i sentrum.

Trykket må vekk frå bygda.

5.4 Møteplass-skilt langs fylkesvegen inn mot Mundal

- Arbeidsgruppa tilrår at kommunen tek dette opp med Statens vegvesen
- Møteplassar skilte på staden der vegen er smalast
- Hindrar rygging, knekkpunkt og konflikt

Effekt:

Låg kostnad – stor trafikktryggleik.

5.5 30-sone og miljøgate i Mundal sentrum

- Innføring av 30 km/t
- Kombinerast med regulert gateparkering
- Oppmerking kan gjerast samtidig

Begrunnelse:

Tryggleik for mjuke trafikantar

Ryddigare gatebilete

Lågare fart gir betre oversikt og mindre stress

5.6 Parkering ved kyrkja – HC og korttidsplassar

- Avklare fast bruk saman med kyrkja
- HC-plass og kort tidsparkering for møte og arrangement

Begrunnelse:

I dag skjer dette uformelt.

Vi vil få orden, og sikre universell utforming.

6. Langsiktig planarbeid – 2027 og vidare

Dette må inn i vidare sakshandsaming, planprosess og dialog med tryggleiksmynde.

6.1 Sonesystem

- Korttidssone i sentrum
- Langtidssone utanfor sentrum
- Bubilparkering på eigna plass
- Trailer og leveransesone utanfor museumsområdet

6.2 Bubilparkering utanfor sentrum

- Vi tilrår å finne plass for bubilar utanfor sentrum
- Døgnpris kan vurderast
- Inntekt kan gå til:
 - tilsyn
 - skilting
 - boss/TOA
 - sesongbetalt vakt

6.3 Samordning med grunneigarar

- Private har rettar på eigen grunn
- Kommunen må hjelpe med juss, skilting og vedtak
- Viktig med likt skiltdesign i heile bygda

6.4 Miljøgate, fart, sikttiltak og lys

- trafikktryggleikstiltak må inn permanent
- evaluere etter sesongen 2026

7. Juridiske vurderingar

- Kommunen regulerer offentleg grunn
- Private regulerer privat grunn
- Parkeringsselskap kan handheve på privat grunn
- Offentleg avgift krev kommunalt vedtak (ikkje aktuelt no)

8. Kva dette betyr i praksis

Dette er ikkje eit parkeringsforbod eller avvising av folk til Fjærland.
Dette er eit system for:

- rotasjon
- tryggleik
- synleg informasjon
- styring av bubilar
- betre oppleving for museum, handel og Bokbyen

9. Vidare prosess

1. Dokumentet vert sendt til alle i parkeringsgruppa for innspel
2. Sluttversjon vert ferdigstilt og presentert for kommunestyret 18. desember
3. Kartskisse (soner, parkeringsområde, møteplassar) vert lagt ved i etterkant
4. Tiltaka føreslås sett i drift til sesongstart 2026

10. Avslutning

Arbeidsgruppa meiner dette er ei løysing som:

- tek vare på fjærlendinganes behov
- gir rom for handel og næring
- tek imot bubilar og gjester med orden og omsyn
- avlastar museumsområde og sentrum
- kostar lite og gir rask effekt

Med helsing

Parkeringsgruppa Fjærland 2025

v/ Bjarthe Haugen (leiar)